

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Tord Moltumyr	FA - G21, TI - &13	14/1136

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
17/2014	Utval for levekår	PS	01.04.2014
21/2014	Kommunestyret	PS	09.04.2014

Høyringssak - reservasjonsordning for fastlegar

Vedlegg:

Høyring - Reservasjonsordning for fastlegar

Vedlegg - Høyringsnotat

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring framlegg om endringar i helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukerrettighetslova om reservasjonsmulighet for fastlegar.

Ingen legar i Meland har reservert seg mot dei oppgåver som er omfatta av framlegget til lovendring.

Vurdering

Administrasjonen har ikkje utarbeidd framlegg til høyringsuttale i saka. Administrasjonen legg saka fram til politisk handsaming utan framlegg til vedtak.

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår - 17/2014

ULK - behandling:

Framlegg til vedtak i møtet frå AP:

"Utval for levekår går ikkje inn for reservasjonsrett for fastleger."

Avrøysting:

Framlegget fekk 1 røyst for (AP) og 8 røyster mot (2 Krf, 2 H, 1 Frp, 2 Sp, 1 SAM), og **fall**.

Framlegg til vedtak i møtet frå H, Frp, Krf og Sp:

Meland kommune vil visa til følgjande:

1. Pasienters rettigheter utifrå norsk lov skal ivaretas av alle deler av helsetjenesten. Samvittighetsaspektet for helsepersonell i spørsmål knytta til etiske refleksjoner om liv og død må likevel anerkjennast, og så langt som mulig takast hensyn til.
2. Avgjerd om ein eventuell reservasjonsrett må hjemlast i lov eller forskrift, og ikkje overlatast til kommunane.

Avrøysting:

Punkt 1 fekk 7 røyster for (2 Krf, 2 H, 1 Frp, 2 Sp) og 2 røyster mot (Ap, SAM), og vart såleis **vedteke**.

Punkt 2 vart **samrøystes vedteke**.

ULK - vedtak:

Meland kommune vil visa til følgjande:

1. Pasienters rettigheter utifrå norsk lov skal ivaretas av alle deler av helsetjenesten. Samvittighetsaspektet for helsepersonell i spørsmål knytta til etiske refleksjoner om liv og død må likevel anerkjennast, og så langt som mulig takast hensyn til.
2. Avgjerd om ein eventuell reservasjonsrett må hjemlast i lov eller forskrift, og ikkje overlatast til kommunane.

, den 13.03.2014

Tord Moltumyr
helsesjef/ kommuneoverlege